

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde
Arkivsaksnr.: 07/1717

Søknad om medverknad til prosjekt på bioenergi i Sogn og Fjordane.

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Under føresetnad av at prosjektet vert fullfinansiert, støttar Sogn og Fjordane fylkeskommune prosjektet med kr. 300.000.
- 2 Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å delta i styringsgruppa.

Uprenta vedlegg:

Søknad med prosjektplan (løpenr. 6836/07)

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde
Arkivsaksnr.: 07/1717

Saksframstilling

Arbeidsgruppe – prosjekt bioenergi søker fylkeskommunen om medverknad til oppstart av prosjekt bioenergi i Sogn og Fjordane. Arbeidsgruppa består av Merete Støfring (Sogn og Fjordane Bondelag), Terje Engvik (Sogn og Fjordane Skogeigarlag), Bjørn Harald Haugsvær og Ann Hege Hanstad (begge landbruksavdelinga hjå fylkesmannen).

Sogn og Fjordane har ein sterkt veksande biomasse. Hovudmålet for prosjektet er å leggje til rette for og vere pådrivar for utvikling av bioenergi som næring i fylket. Dette i form av etablering av nye arbeidsplassar og auka verdiskaping basert på landbruket sine ressursar, og med landbruket sine aktørar som sentrale og aktive deltakarar i verdiskapinga. Nettverksbygging, kompetanseaukande innsats og etablering av bondevarmeanlegg vil stå sentralt i arbeidet. Satsinga legg til grunn at ein person kan arbeide på fulltid med sikte på å nå måla i prosjektet.

Det omsøkte prosjektet definerer tre innsatsområde.

1. Utvikle skogeigarar og bønder som energileverandørar.
2. Utvikle rolla til kommunane som pådrivarar, byggeigarar og forvaltarar av verkemiddel.
3. Utvikle nettverk mellom ulike aktørar med interesse for å auke bruken av bioenergi i fylket.

Mål for første innsatsområde vil vere:

- Medverke til etablering av 10 gardsvarmeanlegg basert på bioenergi pr år.
- Medverke til etablering av minst 3 bondevarmeselskap med leveranse av ferdig varme.
- Kartlegge og innhente erfaringar frå etablerte bioenergianlegg.
- Kunne gjere ei realistisk lønsemdsvurdering av potensielle bondevarmeanlegg.
- Arrangere informasjons- og kompetansetiltak i alle regionane i fylket.

Mål for andre innsatsområde vil vere:

- Auke kompetansen om bioenergi hos fagansvarlege og politikarar i kommune og fylke.
- Få ti nye kommunar i fylket til å utarbeide, eller starte arbeid med energi- og miljøplan.

Økonomi og organsering

Prosjektet vert eigd og gjennomført av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Fylkeskommune (gitt deltaking), Sogn og Fjordane Bondelag og Sogn og Fjordane Skogeigarlag.

Styringsgruppe, prosjektleiar og referansegruppe inngår i organiseringa. Leiar av styringsgruppa vert peika ut av Sogn og Fjordane Skogeigarlag. Prosjektleiar i 100 % stilling vert lokalisert til landbruksavdelinga hjå fylkesmannen. Referansegruppa vert leia av Sogn og Fjordane Skogeigarlag.

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde
 Arkivsaksnr.: 07/1717

Følgjande budsjett er sett opp på basis av 1 årsverk i 3 år

Kostnader	1. år (1/2)	2. år	3. år	4. år (1/2)	Sum
Personalkostnader	225.000	450.000	450.000	225.000	1.350 000
Reiser	30.000	75.000	75.000	30.000	210.000
Kjøp av ekspertise		50.000	50.000	50.000	150.000
Kurs/samlingar	45.000	80.000	80.000	45.000	250 000
Adm. kostnader	50.000	100.000	100.000	50.000	300 000
Andre utgifter		45.000	45.000		90.000
Sum kostnader	350.000	800.000	800.000	400.000	2.350 000

Finansiering	1. år (1/2)	2. år	3. år	4. år (1/2)	Sum
FMLA	200.000	400.000	400.000	200.000	1.200.000
Utviklingsmidlar BU	100.000	200.000	200.000	100.000	600.000
Bedriftsmidlar IN		100.000	100.000	50.000	250.000
S og Fj. Fylkeskomm.	50.000	100.000	100.000	50.000	300.000
Sum	350.000	800.000	800.000	400.000	2.350.000

I tillegg til det som her er teke med, vil organisasjonane yte innsats gjennom anna personell enn prosjektleiaren, og det vil også ligge inne ein stor innsats frå tillitsvalde og andre grunneigarar som på ulikt vis vert engasjerte i prosjektsatsinga.

Styringsgruppa vil kvart år leggje fram årsmelding og rekneskap. Nytt frå prosjekt bioenergi Sogn og Fjordane vil komme ut to gonger i året.

Vurdering

Gruppa peikar på at dokumentet "Fylkesplanen for 2005-2008 – Vegen vidare for Sogn og Fjordane" mellom anna seier at: "Fylket ligg og godt til rette for utvikling og utbygging av alternative energikjelder som vindkraft og bioenergi", og at eit av punkta under "vi vil" seier følgjande: "Stimulere til å ta i bruk bioenergi og andre miljøvenlege energiformer".

I fylkesdelplan for klima og energi, som vart vedteken juni 2003, står følgjande under delmål bioenergi: "Få til meir utnytting av energi frå biomasse når det er samfunnsøkonomisk lønsamt".

I same dokument under Strategiar bioenergi står følgjande:

- Fokus på bioenergi i aktuelle planprosessar.
- Få til dialog med impliserte partar (som skogorganisasjonar, avfallsselskap, potensielle storbrukarar av varme).
- Få etablert infrastruktur for distribusjon av biobrensel
- Delta aktivt i arbeidet med å utvikle og informere om lokal produksjon av biobrensel (t.d. mobile pelleteringsanlegg) for å auke verdiskapinga i fylket.

Plandokument (som fdp klima og energi) gjev retning til felles innsats. Gjennomføring vil ofte vere avhengig av konkrete initiativ utanfrå. Denne søknaden synest å ha god relevans for dei delane av planen som gjeld bioenergi. Temaet er også relevant for aktuelle diskusjonar om energi og klima. Fylkesdirektøren vil difor rå til at søknaden vert innfridd.